

«Om Norsk
Sprog-
reformation»,
1832

Henrik Wergeland

☞ Henrik Wergeland (1808–1845) var fødd i Kristiansand, men voks opp på Eidsvoll, der faren var sokneprest.

☞ Wergeland er mest kjend for dikta sine og blir framleis omtalt som den største lyrikaren i norsk litteratur. Men han har òg skrive dramatik og forteljingar, faglitteratur og ein masse avisartiklar. Den litterære produksjonen hans er enorm, trass i at han berre vart 37 år gammal.

☞ Henrik Wergeland er både romantikar og fornuftsdyrkar på same tid. Begeistringa hans for naturen, fantasiflukta og




Daguerreotypi av Henrik Wergeland. Systema hans, Camilla Collett, meinte det var det einaste biletet av han som verkeleg likna.

dei sterke kjenslene han formidlar i dikta sine, knyter Wergeland til romantikken. Samstundes er han ein engasjert samfunnsdebattant. Han kjempar mellom anna for full religionsfridom i landet, og han ønskjer eit fritt og sjølvstendig Noreg. I tillegg ivrar han for opplysningsarbeid, han skriv for bønder og arbeidarar og er med på å etablere folkebibliotek fleire stader i landet.



Wergeland som diktar



☞ I elleveårsalderen flytter Wergeland til hovudstaden for å gå på katedralskolen. Han er berre 14 år gammal da han får den første forteljinga si på trykk i Morgenbladet. Sju år seinare, i 1828, debuterer han med *Digte. Første Ring*. I denne boka er kjærleiken eit sentralt tema.

☞ Hovudverket *Mennesket, Skabelsen og Messias* kjem ut i 1830. I dette stor-

slåtte visjonsdiktet formulerer han eit program for religiøs og politisk fridom: Menneska treng kunnskap og opplysning for å kunne søkje fred med kvarandre, og skilnadene mellom folk må bli mindre. Dette prøver Wergeland å vise med ein gjennomgang av verdshistoria frå skapinga og fram til dei siste dagar.

☞ I 1834 kjem så *Digte. Anden Ring*. Med desse tre bøkene sette Wergeland ein ny standard for versekunst. Men han bryt også alt som finst av reglar for lyrikk, og det gjer han til ein kontroversiell diktar. I tillegg er han ein person som lett kjem i konflikt med andre. Han skaffar seg mange uvenner og eit dårleg rykte. Det går ut over boksalet.



«Sommerfuglen» av Henrik Wergeland, sungen av Elisabeth Andreassen og dottera Nora

Wergeland som språkreformator

☞ I 1830-åra er det stadig fleire som tek til orde for at Noreg må få sitt eige skriftspråk. Dei er påverka av tankane til den tyske filosofen Herder, som hevda at språket formidlar folkeanda: Det speglar historia, kulturen og tradisjonane til eit folk.

☞ Også Wergeland meiner at Noreg treng eit eige skriftspråk. Han ønskjer ei gradvis fornorsking av det danske skriftspråket. Danske ord og uttrykk må avløysast av norske, og skrivemåten bør bli meir tilpassa norsk uttale.

☞ Ein av dei få på denne tida som har omfattande kunnskap om språk, er professor Peter Andreas Munch. I 1832 skriv han artikkelen «Norsk Sprog-reformation», der han går imot ideen om



Peter Andreas Munch

ei gradvis fornorsking av skriftspråket. I artikkelen gjer han narr av tanken om å lage eit skriftspråk utan å ta omsyn til at språket er eit system som heng saman. Munch argumenterer for at ein anten bør halde fram med å skrive dansk, eller basere eit norsk skriftspråk på ein av dei dialektane som best tek best vare på det norrøne systemet.

«Om Norsk Sprogrefor- mation»

☞ Artikkelen «Om Norsk Sprogrefor-
mation» er svaret frå Wergeland til Peter
Andreas Munch. Wergeland meiner at
Munchs metode er altfor radikal og om-
fattande. Han argumenterer for større
samsvar mellom skriftspråk og talemål,
og han presenterer tre argument for for-
norskingstanken:



- 1 Eit **stilistisk** argument: Ein norsk kunst-
nar treng ein norsk reiskap for å kunne skape
eit bilete av norsk kultur og eigenart.
- 2 Eit **nasjonalt** argument: Eit sjølvstendig
folk må ha sitt eige språk.
- 3 Eit **demokratisk** argument: Fleire og
fleire vil ta i bruk det nye skriftspråket dersom
det liknar meir på talespråket. Her argumen-
terer Wergeland for opplysningstanken. Berre
gjennom opplysning vil folket få eit betre liv,
meiner han. Og for å få meir kunnskap må
dei lese og skrive meir. Da treng dei eit skrift-
språk dei kan kjenne seg heime i.

På denne lappen har Henrik Wergeland skrive:
«Væk med Fylla! Boka, men ikke Flaska, på Hylla!»
A-endingar var ikkje vanlege i skriftspråket i 1845.

Væk med Fylla!
Boka, men ikke Flaska, på Hylla!

(Henrik Wergeland 2^{de} januar 1845)
Om 3. januar 1845. A-ending
af hans Boks Forhold og om sine For-
holdninger for Aa. V. B. B. i T. 1845.

Striden mellom Wergeland og Welhaven

✪ Etter at Wergeland i 1830 har publisert *Skabelsen, Mennesket og Messias*, går Johan Sebastian Welhaven ut og kritiserer offentlig Wergelands måte å skrive på. Dette er opptakten til ein livslang konflikt. Wergeland og Welhaven er ikkje berre usamde om kva som er god lyrikk. Striden mellom dei handlar like mykje om ulike syn på spørsmålet om nasjonsbygging. Konflikten har derfor fått nemninga *kulturstriden*.

✪ Welhaven og meiningsfellane hans meiner at ein må byggje vidare på dansk-norsk embetsmannskultur og halde kontakten med Danmark. Wergeland og tilhengjarane hans meiner derimot at grunnlaget for den nye norske nasjonen må vere norsk bondekultur. Utover i 1840-åra stilnar debattenav, og striden ebbar ut.



Wergeland var oppteken av å skrive for barn. I 1840 gav han ut barneboka *Vinterblommer i Barnekammeret*. Han skreiv også dikt og eventyr i det første norske barnebladet *Børnevennen*, som kom ut i 1843. Dei mest kjende songane er:



«Fola, fola blakken»



«Nisser og dverger»



«Vi ere en nasjon vi med»

Wergeland som folkeopplysjar og samfunnsdebattant

☞ Wergeland er oppteken av folkeopplysning. Han har tru på at kunnskap kan lyfte vanlege menneske opp og fram i samfunnet, og ivrar for å få i gang bibliotek der alle kan ha tilgang til bøker og tidsskrift. Wergeland gir sjølv ut opplysnings-tidskrifta «For Almuen» og «For Arbeidsklassen».



☞ Han er også ein ivrig samfunnsdebattant. Ei av kampsakene hans er å få bort den såkalla jødeparagrafen i Grunnlova. Denne paragrafen i lova nektar jødar å busetje seg i Noreg. Wergeland gir aldri opp kampen, men lovendinga kjem først i 1851, seks år etter hans død.

☞ Wergeland har sterke synspunkt på mykje, og han greier å fornærme mange folk med den polemiske stilen sin. Derfor hamnar han i fleire rettssaker, som han taper kvar gong. Rettssakene påfører han store utgifter, og mot slutten av livet sitt er han nesten ruinert økonomisk.



Wergeland 2008. Ein nettstad laga i tilknytning til jubileet i 2008



Vår Wergeland. Ei nettutstilling frå Arkivverket

Giftarmål og siste leveår

☞ I 1838 blir Wergeland trulova med Amalie Sofie Bekkevold. Han søker fleire prestekall, men får aldri noka stilling. Kong Karl Johan bergar han til slutt og gir han diktargasje.



☞ I 1839 gifter Wergeland seg med Amalie Sofie. Året etter ordnar kongen med at Wergeland får ei stilling som byråsjef ved Riksarkivet. Denne hjelpa frå kongen gjer at han får enda fleire uvenner. Mange meiner at han får fordelar framfor andre, og dei synest ikkje det er rett at Wergeland som republikanar tek imot økonomisk stønad frå kongen.

☞ Med stilling i embetsverket og diktargasje har Wergeland råd til å bygge diktarbustaden Grotten i 1841. Men i 1844



Som riksarkivar hadde Wergeland dette kontoret på Akershus festning.

får han ein lungebetennelse som utviklar seg til tuberkulose. Han kjem dessutan i eit økonomisk uføre og må flytte til eit lite hus i Pilestredet.

☞ Wergeland blir stadig dårlegare, men skriv likevel heile tida. Somme av dei vakraste og mest kjende dikta hans blir til på dødsleiet i 1845. Til desse dikta høyrer «Til Foraaret» og «Til min Gyldenlak». I juli 1845 døyr han, berre 37 år gammal.



«Til min Gyldenlak»

«Til Foraaret» (1845)

☞ Like før han døyr, i mai 1845, skriv Wergeland diktet «Til Foraaret». Wergeland ligg sjuk og veit at han skal døy. Diktet hans er ei fortvilt og grenselaus bønn til naturen om at han må få leve vidare.

☞ Wergeland tilber våren – og plantane og dyra som høyrer våren til: det første graset, symra, løvetanna, hestehoven, svalene som er komne tilbake, og det gamle treet som har fått nye knoppar. Han ber dei vitne om kjærleiken han føler for dei.

☞ Diktaren seier at våren er den årstida han set høgast. Den smålátne symra er viktigare for han enn rosene om sommaren, sjølv om dei er flottare å sjå på. Kjærleiken hans er så sterk at han sjølv ønskjer å vere ein del av naturen, han vil



Wergeland teikna av Christian Olsen i 1844

vere eit lønnetre som kan stå saman med det gamle treet.

☞ Han hevdar at treet og symrene faktisk ber for han, før han kjem med ei siste bønn til naturen om å redde han.

☞ Det er ikkje tilfeldig at Wergeland vel å skrive om våren. For det første er diktet skrive i mai månad, og Wergeland blir nok heilt enkelt inspirert av det han kan sjå rett utanfor vindauget sitt.

☞ For det andre representerer våren sjølve livskrafta, den tida på året da alt liv blir skapt på nytt. Wergeland er glad i livet, han vil ikkje døy. Våren er rett og slett den årstida som best formidlar ønsket hans om å få leve.

☞ For det tredje liknar fornyinga som skjer i naturen kvar vår, på den kunstnarlege skapingsprosessen. Wergeland skriv i diktet at våren er den årstida han liker best. Når vi ser på alt han har greidd å skrive og utrette i løpet av sitt korte liv, forstår vi kvifor han kjenner størst slekt-skap med nettopp denne årstida.

☞ «Til Foraaret» er eit dikt der forma speglar lidenskapen og fortvilninga som

kjem til uttrykk i teksten. Diktet har verken enderim eller fast strofeform. Ein klassisist som Welhaven ville ha sagt at forma har ein eigenverdi, at kjenslene må dempast og innhaldet foredlast slik at orda passar inn i ei streng, regelbunden form. For Wergeland har forma ein annan funksjon. Ho skal stø opp under det dikta-ren vil formidle.



«Taknemmelige jøder udenfor Norriges grændser reiste ham dette minde,» står det på monumentet som svenske og danske jødar fekk reist på Wergelands gravstad på Vår Frelsers gravlund i Christiania (Oslo) i 1849.

